



# INFORMASJONSHEFTE OM

## Åmotsdal barnehage

Seljord kommune



Adresse: Åmotsdalsvegen 1253, 3844 Åmotsdal  
Tlf: 35 05 13 75  
E-post: [amotsdal.barnehage@seljord.kommune](mailto:amotsdal.barnehage@seljord.kommune)

Styrar: Ann-Christin Freberg Høgetveit.

Opningstid: Måndag - fredag kl. 07.30 – 16.30  
Barnehagepersonalet har 5 planleggingsdagar i året. Då er barnehagen stengd. I tillegg er barnehagen stengd f.o.m. jolaften t.o.m. 1.nyttårdag, og i veke 28, 29 og 30 om sommaren.

Seljord kommune si heimeside: [www.seljord.kommune.no](http://www.seljord.kommune.no)

Revidert september 2018

## Organisering

Barnehagen er for barn i alderen 1 til 5 år. Barnehagen ligg i same bygget som grendehuset, og vi nyttar kjøkkenet og toaletta til grendehuset, samt gymsalen. Romma i barnehagen skal stimulere til ulike typar aktivitet som lesing, speling, konstruksjonsleik, rolleleik, formingsaktivitetar og liknande.

Barnehagen har tilgang til lavvo og gapahuk i skogen, samt eit skianlegg med varmestove som vi får låne av idrettslaget.

Lavvoen har vi i lag med 4-H. Elles har vi eit stort uteområde rundt barnehagen som vi nyttar mykje.

## Informasjonsrutinar

Alt innhald i barnehagen er bygd på Lov om barnehagar, nasjonal og lokal rammeplan og barnekonvensjonen.

Det meste av informasjon og beskjedar til heimane som ikkje går under sensitiv informasjon kjem på MyKid. Dette gjeld også månadsplan og nyheitsbrev.

På MyKid skriv vi også på "Dagen i dag" om kva dei ulike gruppene har vore med på. Men; dette skal ikkje erstatte den direkte kommunikasjonen ein har ved henting og bringing – det skal vere eit verktøy ein brukar i tillegg.

Årsplanen, som er barnehagen sitt program for barnehageåret, kjem i september og vil ligge på MyKid under "Nyheitsbrev".

## Dagsrytme

Tidspunkt:	Gjeremål:
07.30	Barnehagen opnar
08.00-09.00	Frukost
07.30-09.45	Leik inne og ute
09.45-11.00	Gruppetid
11.00	Føremiddagsmat, kvilestund og garderobe
12.30-16.30	Leik inne og ute
14.00-15.00	Ettermiddagsmat, frukt og grønt
16.30	Barnehagen stenger

Alle klokkeslett er omtrentlege. Dei minste barna et og søv etter avtale med foreldra

Vi ynskjer at alle skal vere i barnehagen innan **09.30** då vi rundt denne tida byrjar med dagens aktivitetar. Vi ynskjer dette for at barna skal få moglegheit til å leike litt før dei tilrettelagte aktivitetane byrjar, og for å skape ro rundt dette.

## **Måltid**

Det er tilbud om enkel frukost; havregryn, knekkebrød / brød mellom 08.00 og 09.00.

Føremiddagsmaten er om lag kl 11.00. Ved dette måltidet et vi brødmat og vanleg pålegg. Vi brukar ikkje pålegg som inneheld mykje sukker. Føremiddagsmaten er ein setting der vi legg vekt på å lære barna å smøre mat, tømme mjølk i koppen og liknande.

Barna skal lære bordskikk, som til dømes ”kan du sende meg...”. Barna skal også få kunnskap om kva som er sunn mat, og vi legg vekt på at måltidet skal vere hyggeleg.

Barna er med på å stelle i stand maten, dekke på, og rydde av. Dei 3 gruppene syng same matsong som sjølv sagt er på nynorsk.

Kvar 14. dag har vi varm mat, og fisk/sjømat skal ofte vere på meyen då barnehagen er med i eit prosjekt som heiter "Fiskesprell".

Knekkebrød/brød og frukt blir servert ca. kl.14.00.

Maten kostar kr 350- pr. måned for 5 dagars tilbud.

## **Slutten på dagen**

På denne tida kan barna vere slitne, og treng personalet si merksemd. Vi ynskjer difor at foreldra kjem dit barnet er. Personalet vil gjerne fortelje litt om korleis dagen har vore for barna, men det er ikkje alltid ein får dette til. Men dersom det har vore spesielle hendingar i løpet av dagen som det er viktig at foreldra får informasjon om, vil personalet alltid gje beskjed om det.

**Ta gjerne kontakt med personalet!**

## **Oppfølging av kvart einskilt barn**

### **Den fyrste tida i barnehagen**

Den fyrste tida i barnehagen vil barnet møte mange nye vaksne. Barnet treng tid til å bli kjent i barnehagen og få ein trygg relasjon til dei vaksne. Foreldra må difor setje av tid til å fylgje barna i barnehagen dei fyrste dagane, og vere tilgjengelege ved behov i oppstartfasen. Mange arbeidsplassar gjev inntil 3 dagar permisjon for tilvenning i barnehage.

Alle barna blir fylgd opp ved systematisk og usystematisk observasjon. Barnet sitt utbytte av barnehageopphaldet blir drøfta med foreldra i foreldresamtalar. Foreldra får tilbud om samtalar to gonger i året.

Den daglege kontakten når barnet kjem, og ved henting er den viktigaste samarbeidsforma mellom foreldra og personalet. Det er avgjerande å få opplysningar om barnet si helse, behov, ynskje og opplevingar, slik at vi kan gje barnet best mogleg omsorg og oppfølging.

### **Fødselsdagar**

Barnas fødselsdag blir markert med balkongflagg, fødselsdagssong og ljostenning. Barna får velje mellom ulik frukt/bær som vi lagar smoothie av og grove vaflar.

### **Sjuke barn**

Folkehelseinstituttet har laga retningsliner for barn og sjukdom i barnehagen. Barnehagen fylgjer desse. Retningslinene blir sendt til heimane.

## **Innhald i barnehagen**

Personalet ynskjer å skape ein barnehage fylt med leik, læring, humor, glede og tryggleik for barn, foreldre og personalet.

Personalet legg vekt på ein roleg og hyggeleg barnehagedag med mange gode leikeopplevingar og samspel.

I leiken skjer det viktige læringsprosessar. Samspel mellom barn – barn og barn - vaksen er viktig i denne samanhengen. Dei vaksne vil vere aktivt deltakande og observerande i leiken og aktivitetane til barna. Dei skal støtte barna sin utvikling.

Det betyr å sjå og støtte det einskilte barnet si utvikling ut frå personlegdomen til barnet, og i leik og gjeremål tilføre nye moglegheiter og innhald. I samvær med barna, enkeltvis og i grupper, legg vi stor vekt på samtala som metode.

Utvikling av god språkforståing er viktig for å meistre leik, læring og samvær med andre. Vi har difor stort fokus på språk i alle aktivitetar, og vi har også faste aldersinndelte språkgrupper.

Personalet har gjennom nokon år opparbeida seg god kunnskap om NMT ( norsk med teiknstøtte), og målet er at både vaksne og barn nyttar teikn mest mogleg i kommunikasjon med kvarandre. Teikn er med på å underbygge det vi ynskjer å formidle verbalt, og små barn kan få ei ekstra støtte i bruk av teikn fram mot eit meir utvikla verbalspråk. Det er også 2 som har vore på eit innføringskurs i teiknspråk.

Vi har fokus på korleis den vaksne møter det einskilte barn slik at barnet sin integritet blir ivaretatt, samstundes som omsynet til dei andre barna også blir ivaretatt. Å hjelpe barna til utvikling av sosial handlingsdugleik, språk og kommunikasjonsevne kan vere med på å førebygge diskriminering, mobbing, utjamne sosiale forskjellar og likestille gut og jente. Utvikling av sosial kompetanse hos barn er nødvendig for å kunne vere saman med andre, løyse konflikhtar, vere hjelpsam, arbeide i grupper, samarbeide og forstå korleis andre har det. Slike ferdigheitar meiner vi ein må utvikle for å kunne bidra til eit likestilt samfunn. Grunnlaget for desse dugleikane blir lagt i førskulealder og personalet legg vekt på å hjelpe barna til å utvikle dei. I foreldresamtalar vil mellom anna desse områda av barnet sitt liv i barnehagen bli tatt opp.

### **Uteliv og klede:**

Vi legg vekt på å vere mykje ute, og vi er ofte på turar i nærområdet. Det er difor viktig at barna har godt med uteklede, regntøy og skift i barnehagen, og at desse klede er passe til barnet. Små klede kan hemme barnets bevegelse i leik og aktivitet. Det er også viktig å ha skotøy som passar "ver og vind".

På vinteren har vi skidagar, og på sommaren sykkeldagar.

## **Kontakt heim – barnehage**

Vi meiner at godt foreldresamarbeid er viktig for at barna skal trivast i barnehagen, og for at dei skal få ei god utvikling. Det daglege møtet på morgon og ettermiddag er difor sentralt. Bli gjerne ei stund i barnehagen dersom du/dykk har tid ein dag. Du/dykk kan bli med på samlingstunder og turar dersom du/dykk har høve til det.

I løpet av barnehageåret har vi 3-4 arrangement for foreldre og barn. Då kan vi møtast og ha det fint saman utanom den "vanlege" barnehagekvardagen.

I foreldresamtalar (som regel to gonger i året), blir barnet sitt utbytte av barnehageopphaldet tatt opp. Foreldre og personalet finn saman ut kva ein skal legge vekt på i oppfylginga av barnet.

Det er to foreldremøte i løpet av eit barnehageår. Det eine av desse møta skal vere eit debattmøte/temamøte der ein drøftar ulike aktuelle tema, eller får meir kunnskap om eit område.

Dersom det er noko du ikkje er nøgd med, noko du lurar på eller noko du synest er bra, vil vi gjerne høyre det. Barnehagen skal tilpasse seg mange ulike heimar, ynskjer og behov. Difor er vi avhengige av å høyre kva foreldra meiner for å gjere ein best mogeleg jobb.

### **Foreldreråd**

Alle foreldra er medlemmer av foreldrerådet. Leiar og nestleiar blir vald på foreldremøtet i august/september. Foreldrerådet skal være eit forum der alle foreldra kan møtast og diskutere ynskje og behov, og kome med forslag til barnehagen.

### **Samarbeidsutval**

Samarbeidsutvalet består av 2 representantar frå foreldra, 2 representantar frå personalet og 1 representant frå eigar. Styrar er sekretær.

Utvalet konstituerer seg sjølv på fyrste møte i september. Samarbeidsutvalet skal vere med å drøfte barnehagen sitt innhald og fremje kontakt mellom barnehagen og heimane.